Ål helsetun – forprosjekt omsorgsbustader-basseng

Ål kommune må etablere fleire sjukeheimsplassar i samsvar med framtidig behov. Planen er å utarbeide eit revidert forprosjekt og starte på naudsynt prosjektering i 2026.

Ål kulturhus utbygging

Det er påvist vesentlege feil og manglar etter utbygginga av kulturhuset, m.a. når det gjeld branntryggleik. Dette må utbetrast for å kunne bruke bygningen.

Ål ungdomsskule – funksjonelle rom

Ål ungdomsskule er bygd med opne undervisningsrom (baseløysing). Dette gir utfordrande læringsmiljø. Det er eit ynskje om å bygge om slik at det blir fleire normale klasserom. For å få til dette må det først gjennomførast ein prosjektering (romutforming, ventilasjon, brann, elektro m.m.). Deretter må arbeidet lysast ut.

Vatn, avløp og renovasjon – sjølvkost

Rehabilitering leidning VA Myrovegen

VA-grøfta mellom Myrovegen og Rv 7 vart påført skadar under ekstremvêret Hans. Vassleidningen ligg i same grøft og må difor handterast på same tid. I begge ender må leidningen senkast som følgje av justeringar i bekker og stikkrenner. Mykje av tiltaket vil truleg finansierast med skjønnsmidlar.

Rehabilitering leidning VA Myrovegen

VA-grøfta mellom Myrovegen og Rv 7 vart påført skadar under ekstremvêret Hans. Vassleidningen ligg i same grøft og må difor handterast på same tid. I begge ender må leidningen senkast som følgje av justeringar i bekker og stikkrenner. Mykje av tiltaket vil truleg finansierast med skjønnsmidlar

Uteområde Nedre Ål skule

Prosjektet er eigentleg ferdig, men det står att noko gjerde.

Ål helsetun – forprosjekt omsorgsbustader-basseng

Ål kommune må etablere fleire sjukeheims plassar i samsvar med framtidig behov. Planen er å utarbeide eit revidert forprosjekt og starte på nausynt prosjektering i 2026.

Oversikt Investering og finansiering

Beløp i 1000

	Økonomiplan			
	2026	2027	2028	2029
Investeringar i varige driftsmiddel	152 465	130 025	121 285	3 600
Tilskot til andres investeringar	2 000	2 000	2 000	2 000
Investeringar i aksjar og andelar i selskap	1 581	1 500	1 500	0
Sum finansieringsbehov	156 046	133 525	124 785	5 600
Kompensasjon for meirverdiavgift	-20 708	-24 535	-24 257	-720
Tilskot frå andre	-76 218	0	0	0
Sal av varige driftsmiddel	0	0	0	0
Bruk av lån	-17 921	-107 409	-98 947	-4 799
Videreutlån	10 000	0	0	0
Bruk av lån til videreutlån	-10 000	0	0	0
Avdrag på lån til videreutlån	1 900	0	0	0
Mottatte avdrag på videreutlån	-1 900	0	0	0
Overføring frå drift	-41 199	-1 581	-1 581	-81
Avsetningar til bundne investeringsfond	0	0	0	0
Avsetningar til ubundet investeringsfond	0	0	0	0
Sum finansiering	-156 046	-133 525	-124 785	-5 600
Sum finansieringsbehov	156 046	133 525	124 785	5 600
Sum finansiering	-156 046	-133 525	-124 785	-5 600
Udekt finansiering	0	0	0	0

Handlings -og økonomiplan for 2026-2029, årsbudsjett 2026
Ål kommune

Løyvingsoversikt investering etter § 5-5 første ledd

Beløp i 1000


	Rekneskap 2024	Opph. budsjett 2025	Rev. budsjett 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029
Investeringar i varige driftsmidlar	154 725	174 948	161 690	152 465	130 025	121 285	3 600
Tilskot til andre sine investeringar	1 520	550	2 240	2 000	2 000	2 000	2 000
Investeringar i aksjar og andelar i selskap	3 610	1 500	7 500	1 581	1 500	1 500	0
Utlån av eigne midlar	0	0	0	0	0	0	0
Sum investeringsutgifter	159 855	176 998	171 430	156 046	133 525	124 785	5 600
Kompensasjon for meirverdiavgift	-22 972	-25 056	-28 770	-20 708	-24 535	-24 257	-720
Tilskot frå andre	-22 572	-15 200	-37 160	-76 218	0	0	0
Sal av varige driftsmiddel	-5 025	0	0	0	0	0	0
Utdeling frå selskap	0	0	0	0	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån av eigne middel	0	0	0	0	0	0	0
Bruk av lån	-48 973	-56 139	47 018	-17 921	-107 409	-98 947	-4 799
Sum investeringsinntekter	-99 542	-96 395	-18 912	-114 847	-131 944	-123 204	-5 519
Vidareutlån	12 815	10 000	10 000	10 000	0	0	0
Bruk av lån til vidareutlån	-12 815	-10 000	-10 000	-10 000	0	0	0
Avdrag på lån til vidareutlån	1 775	1 800	1 800	1 900	0	0	0
Mottatte avdrag på vidareutlån	-2 690	-1 800	-1 800	-1 900	0	0	0
Netto utgifter vidareutlån	-915	0	0	0	0	0	0
Overføring frå drift	-62 230	-80 603	-152 518	-41 199	-1 581	-1 581	-81
Avsetningar til bundne investeringsfond	1 831	0	0	0	0	0	0
Bruk av bundne investeringsfond	0	0	0	0	0	0	0
Avsetningar til ubunde investeringsfond	1 000	0	0	0	0	0	0
Dekning av tidlegare års udekt beløp	0	0	0	0	0	0	0
Sum overføring frå drift og netto avsetningar	-59 398	-80 603	-152 518	-41 199	-1 581	-1 581	-81

Handlings -og økonomiplan for 2026-2029, årsbudsjett 2026
Ål kommune

	Rekneskap 2024	Opph. budsjett 2025	Rev. budsjett 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029
Framført til inndekning i seinare år (udekt)	0	0	0	0	0	0	0

Netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter

Grafen er i %




Tabell	KOSTRA 2021	KOSTRA 2022	KOSTRA 2023	KOSTRA 2024	Budsjett 2025	Økplan 2026	Økplan 2027	Økplan 2028	Økplan 2029
Ål	59,5 %	56,6 %	25,0 %	29,5 %	33,8 %	34,9 %	46,5 %	57,1 %	55,2 %
Handlingsregel	75,0 %	75,0 %	75,0 %	75,0 %	75,0 %	75,0 %	75,0 %	75,0 %	75,0 %

Budsjettforslaget legg opp til eit låneopptak på 17,9 mill. kr for 2026, dette utgjør 34,9 % av brutto driftsinntekter.

Ål kommune ligg godt under handlingsregelen på 75 % i langsiktig lånegjeld, vedteke i økonomireglementet frå 2020 (K-sak 20/01548).

Netto lånegjeld i kroner per innbyggjar

Grafen er i hele kr



Tabell	KOSTRA 2021	KOSTRA 2022	KOSTRA 2023	KOSTRA 2024	Budsjett 2025	Økplan 2026	Økplan 2027	Økplan 2028	Økplan 2029
Ål	82 155	79 670	41 727	51 434	55 917	52 183	69 165	84 521	81 632

Hovudtala i budsjettforslaget

Det økonomiske opplegget for 2026

Regjeringa legg i statsbudsjettet opp til ein realvekst i kommunane sine **frie inntekter** på 3,2 mrd. kroner eller 0,7 prosent, der 2,1 mrd. kroner kjem av endringar i folketalet (demografiskompensasjon).

Realveksten ligg heilt i botnen av intervallet som vart varsla i kommuneproposisjonen, men det er ikkje gitt grunngjevingar eller føringar knytt til realveksten.

Ved **fordeling av realveksten mellom skatt og rammetilskot** er det lagt til grunn at skatten sin del (inkludert eigedomsskatt) av samla inntekter skal utgjere 40 prosent. For å oppfylle denne føresetnaden er skatteinntektene auka reelt med om lag 6,9 mrd. kroner i 2026 samanlikna med skattenivået i RNB 2025. I rammetilskotet er det på den andre sida innarbeidd ein reell reduksjon på 3,7 mrd. kroner, slik at samla realvekst i frie inntekter blir på 3,2 mrd. kroner.

I skatteanslaget for 2026 er det lagt til grunn ein sysselsetjingsvekst på 0,7 prosent og ein årslønnsvekst på 4,0 prosent.

Nytt inntektssystem blir innfasa i tråd med tidlegare vedtak ved at maksimalsatsen for kommunal skatt på formue blir foreslått redusert frå 5,25 promille i 2025 til 3,5 promille i 2026.

Frå 1.1.2026 fell kravet om **skattetrekkskonto** bort og blir erstatta med ei plikt for arbeidsgivarar om å betale inn gjennomført skattetrekk seinast første vekedag etter lønsutbetaling (statlege arbeidsgivarar har lengre frist). Denne omlegginga inneber at kommunane i omleggingsåret 2026 vil motta forskotstrekk for meir enn 12 månader ettersom forskotstrekk for 6. termin i 2025 forfell i januar 2026.

Skattesatsen for naturressursskatt er auka frå 1,1 øre per kWh til 1,13 øre per kWh frå inntektsåret 2025. Ettersom naturressursskatten er ein etterskottsskatt kjem auka skatteinntekter som følgje av dette først til uttrykk i kommunane sine rekneskap for 2026. Dette er teke omsyn til i prognosemodellen med ei oppjustering av inntektene frå naturressursskatt med 2,7 prosent i 2026.

Som følgje av dei endringane som er omtala ovanfor og målet om at kommunane si skatteinngang skal utgjere 40 prosent av samla inntekter, blir det foreslått at den maksimale kommunale inntektsskattesatsen for 2026 blir sett til 11,35 prosent. Dette er ein reduksjon på 1,4 prosentpoeng frå 2025.

Lønns- og prisveksten frå 2025 til 2026 (deflatoren) er anslått i statsbudsjettet til 3,5 prosent.

Årslønnsveksten er på 4,0 prosent (utgjør om lag 58 % av deflatoren). Frå 2026 inngår kommunane sine pensjonskostnader i berekinga av den kommunale deflatoren, i motsetning til tidlegare år der vekst i pensjonskostnader som avvik frå kommunal lønnsvekst har kome som del av realveksten. Berekingane for 2026 viser at pensjonskostnadene er venta å utvikle seg i takt med lønnsveksten, og det er difor heller ikkje naudsynt med nokon korreksjon for pensjonselementet i deflatoren for 2026.

Den kommunale prisveksten kan ut frå opplysningar om deflator og lønnsvekst inkl. pensjon reknast til om lag 2,8 prosent. Den kommunale prisveksten er dermed høgare enn anslaget for veksten i konsumprisindeksen (2,2 prosent), og må sjåast i samanheng med at kommunesektoren sin samansetnad av vare- og tenestekjøp er annleis enn innbyggjarane sin.

KS sine innspill til statsbudsjettet på vegner av kommunane:

Kommunesektoren står overfor store omstillingar. I dei fleste kommunane blir det færre barn og unge, og fleire eldre over 85 år. For 2026 inneber dette at kommunane netto er venta å flytte 1,8 milliardar kroner frå oppvekstsektoren til omsorgstenester. Dette er svært krevjande både lokalt politisk og

Handlings -og økonomiplan for 2026-2029, årsbudsjett 2026 Ål kommune

økonomisk. Det blir forsterka av at kommunane òg må oppfylle bemanningsnormer ned på kvart hovudtrinn ved den enkelte skulen.

Sjeføkonom i KS, Torbjørn Eika, kommenterte nasjonalbudsjettet. Han merka seg at Finansdepartementet er noko meir optimistiske enn Noregs Bank og Statistisk sentralbyrå med tanke på både vekst og inflasjon. Dersom anslaga ikkje slår til, kan det redusere handlingsrommet til kommunesektoren.

KS tok elles opp:


- Manglande finansiering av heilårsverknaden av nye årsverk innan SFO
- Fylkeskommunane må kutte i kollektivtransporten
- Dekningsgraden til integreringstilskotet fell
- Kostnadene til pensjon i private barnehagar må fullfinansierast
- Konsekvensane av auka beredskapsbehov må kompensierast

** Kilde KS sine kommentarar til statsbudsjettet, publisert 20.10.25.*

Oppgåveendringar og korreksjonar 2026 for Ål kommune (beløp i heile 1000):

- Endra Sør-Noreg tilskot frå 4987 til 1 645
- Vekst tilskot for 2025 på kr 1 mill. er fjerna
- Netto inntektsutjamning auka med 1, 4 mill.

Anslag vekst regnskap 2025-2026



**Ål er merka med rødt*

For kommunar som har ein realnedgang eller nullvekst, tyder dette at veksten i inntektene deira ikkje held tritt med den generelle prisveksten, og dei økonomiske konsekvensane blir då redusert kjøpekraft, strammare budsjett og endå fleire omprioriteringar.

Handlings -og økonomiplan for 2026-2029, årsbudsjett 2026
Ål kommune

Det er ulike årsaker til at veksten i frie inntekter varierer mellom kommunane, då han blir påverka av endringar i folketal og alderssamansetjing, utslag frå inntektssystemet som følgje av kriteriedata, skjønnsmiddel, veksttilskot, distriktstilskot, skattegrunnlag med vidare.

Avsetnader og årsoppgjersdisposisjonar

Beløp i 1000

	Rekneskap 2024	Opph. bod. i fjor 2025	Rev. bod. i fjor 2025	Økonomiplan			
				2026	2027	2028	2029
Overføring til investering	62 230	80 603	152 488	41 199	1 500	1 500	1 500
Bruk av bundne driftsfond	-16 513	-52 760	-112 375	-51 495	-11 877	-11 877	-11 877
Bruk av disposisjonsfond	-51 245	-54 442	-67 560	-3 081	-2 068	-1 675	-9 763
Avsetting til bundne driftsfond	689	8 946	8 946	11 197	11 195	11 195	11 195
Avsetting til disposisjonsfond	0	3 592	3 592	4 390	-1	-1	-1
Netto avsetningar	-4 839	-14 061	-14 909	2 210	-1 251	-858	-8 946
Netto avsetningar og årsoppgjersdisposisjonar i tenesteområda	152 436	11 595	11 595	8 300	8 300	8 300	8 300
Totale avsetningar	147 597	-2 466	-3 314	10 510	7 049	7 442	-646

Overføring til investering

Overføringa til investeringsbudsjettet omfattar finansiering av investeringsprosjekt som har rett til avsette skjønnsmiddel i samband med «Hans», med ein total ramme på kr 39 618 000,-. I tillegg kjem eit eigenkapitalinnskot til KLP på kr 1 581,-.

Bruk av bundne driftsfond

Posten bruk av bundne driftsfond inneheld 39,6 mill. kr som bruk av skjønnsmidlar etter «Hans», bruk av sjølvkostfond, bruk av næringsfond, jordbruksfond og fiskefond.

Sjå eigen oversikt over bruk av næringsfond og jordbruksfond.

Bruk av disposisjonsfond

- Eigenkapitalinnskot KLP 1,581 mill. kr
- ENØK tilskot frå Ål kraftverk KF 1,5 mill. kr

Disposisjonsfond	
Inngående balanse 01.01.2025	282 465 368
Politiske saker bruk av disposisjonsfond	– 14 263 000
Saldo pr. 21.10.25	268 202 368

Avsetting til disposisjonsfond

Avsetting til disposisjonsfond er saldering av økonomiplanen.

Sentrale inntekter

Beløp i 1000

	Rekneskap 2024	Opph. bud. i fjor 2025	Rev. bud. i fjor 2025	Økonomiplan			
				2026	2027	2028	2029
Rammetilskudd	-186 836	-204 008	-204 008	-214 838	-221 519	-221 541	-222 424
Inntekts- og formuesskatt	-175 059	-210 404	-210 404	-212 871	-212 871	-212 871	-212 871
Eiendomsskatt	-38 461	-37 884	-37 884	-38 202	-38 202	-38 202	-38 202
Andre generelle driftsinntekter	-19 065	-22 000	-22 000	-18 250	-18 250	-18 250	-18 250
Andre statlege overføringer	-41 527	-30 500	-30 500	-31 205	-31 205	-31 205	-31 205
Sum frie inntekter	-460 948	-504 796	-504 796	-515 366	-522 047	-522 069	-522 952

Frie inntekter

Frie inntekter består av skatteinntekter og rammetilskot frå staten. Regjeringa lager ein prognose over skatteanslaget og rammetilskot i samband med statsbudsjettet. Ved utrekning av rammetilskotet legg staten til grunn ulike kriteria for fordeling mellom kommunane, kor kommunen får eit fast beløp pr. innbyggjar. I 2026 er dette beløpet kr 34 263,-. For Ål sin del blir samla tilskot kr 165 319 460,-, (4825 innbyggjarar) før desse midlane igjen blir omfordelt mellom alle kommunane i landet via det som kallast utgiftsutjamning. I denne utjamninga får innbyggjarane forskjellig utteljing etter ei gitt vekting.

Anslag frie inntekter i statsbudsjettet for 2026 er på 427,7 mill. kr. Dette inneber ein nominell vekst frå 2025 til 2026 på 4,4 %. Dette er 0,3 % høgare enn snittet for landet. Vekst i frie inntekter er rekna ut ifrå anslag på 2025 rekneskapen. Av dei samla frie inntektene er 214,8 mill. kr rammetilskot og skatteinntekter 212,9 mill. kr.

Sidan vi ikkje kjenner dei endelege skatteinntektene for 2026 før i januar 2027, er det gjort eit anslag på kor store skatteinntektene for 2026 vil vere. Det blir derfor presisert at det oppgjevne nivået på frie inntekter er eit anslag.

I budsjettarbeidet for 2026 er det teke utgangspunkt i frie inntekter i statsbudsjettet for 2026.

Tilskot med særskild fordeling:

Noen enkeltsaker fordeles ikke etter inntektssystemets ordinære kriterier, men gis en særskilt fordeling. For mer informasjon om hver enkelt sak, se tabell C-k i [Grønt hefte](#).

Tilskudd med særskilt fordeling for Ål kommune:

Enkeltsaker	Fordeling beløp
Inndelingstilskudd	0 kr
Helsestasjon/skolehelsetjeneste	913 000 kr
Tilbakeføring av halvparten av fordelingsvirkningen av nedvekting av PU-kriteriet	-659 000 kr
Fri barnehage i tiltakssonen i Troms og Finnmark	0 kr
Grunnskoletilskudd	2 333 000 kr
Redusert maksimalpris i barnehagen i kommuner med sentralitet 5 og 6	1 161 000 kr
Kompensasjon for endringer i inntektssystemet og toppfinansieringsordningen og særskilt tapskompensasjon	0 kr
Vekst i frie inntekter fordelt etter inntektsnivå	1 589 000 kr
Særskilte saker enkeltkommuner	0 kr
Sum Ål kommune	5 337 000 kr

Regionalpolitiske tilskudd:

Distriktstilskudd Sør-Norge 1 645 000 kr 

Skjønnstilskudd 1 000 000 kr 

Skjønnstilskudd

Skjønnstilskuddet blir brukt til å kompensere kommuner for spesielle lokale forhold som ikke fanges opp i den faste delen av inntektssystemet.

Det samlede skjønnstilskuddet for kommunene er satt til 1 030 000 000 kroner i 2026.

Kommunal- og distriktsdepartementet fastsetter de fylkesvise rammene, mens statsforvalteren foretar fordelingen til den enkelte kommune. I tillegg til fordelingen som vises under, er det satt av fylkesvise rammer for skjønnstilskudd til fordeling gjennom året.

Skjønnstilskudd til Ål kommune = 1 000 000 kroner

Rammetilskot

Rammetilskotet er auka med 5 %, sett opp imot økonomiplanen frå 2025.

Inntekts- og formuesskatt

Skatteinntektene har auka med 1 prosentpoeng frå 2025.

Eigedomsskatt

Eigedomsskattesatsen er helde uendra i budsjettframlegget med 7 promille på næring jfr. Eskl. § 11, fyrste ledd og 2 promille for bustader og fritidsbustader, jfr. Esctl. §12, bokstav a)

Eigedomsskatten er auka med kr 318 000,- etter ny utrekning.

Andre generelle driftsinntekter

Det er budsjetttert med ein reduksjon på naturressursskatt med kr 3 750 000,-, som ein tilpassing til inntekt i rekneskapen for 2024.

Andre statlege overføringar

Kommunestyret har gjort vedtak om 20 flyktningar pr. år og inntekta er berekna ut ifra dette

Det er venta ein nedgang i integreringstilskot på kr 1 624 000,-. Det er tatt høgde for ein inntekt på 1,3 mill. kr i samband med nytt akuttmottak på Torpo.

Det er lagt inn ein auke i inntekt på rentekompensasjon frå Husbanken etter rekneskapen for 2024.

Finansinntekter og -utgifter

Beløp i 1000

	Rekneskap 2024	Opph. Rev. bod. bod. i i fjor 2025 fjor 2025	Økonomiplan			
			2026	2027	2028	2029
Renteinntekter	-12 413	-7 500	-9 532	-12 000	-12 000	-12 000
Utbytter	-197 586	-83 000	-83 000	-55 250	-55 250	-55 250
Renteutgifter	14 092	12 918	12 918	15 453	16 221	16 994
Avdrag på lån	9 877	12 022	12 022	12 965	14 424	14 808
Netto	-186 031	-65 560	-67 592	-38 832	-36 605	-35 448
finansinntekter/finansutgifter						
Finansutgifter i tenesteområda	-2 848	-1 666	-1 166	-1 666	-1 666	-1 666
Totale finansutgifter	-188 878	-67 226	-68 758	-40 498	-38 271	-37 114
Motpost avskrivninger	-35 989	-35 889	-35 889	-35 889	-35 889	-35 889
Motpost avskrivninger	-35 989	-35 889	-35 889	0	0	0

Renteinntekter

Renteinntektene er oppjustert med 4,5 mill. fra opphavleg budsjett 2025 i tråd med rekneskapen for 2024 og 2025.

Utbytter

Ål kraftverk har budsjettet med ei overføring til Ål kommune på 55 mill. kroner i 2026. Dette inneber ein reduksjon på 27,5 mill. kroner samanlikna med 2025.

Utbytte frå Vardar og Gjensidige har vore budsjettet noko for høgt og blir justert ned med kr 250 000,-.



Oversikten viser at det har vore stor variasjon i inntekter frå sal av kraft, inntekta for åra 2022-2024 er ikkje normalen. Årsak og samanheng er nærare beskrivi i årsmeldingane frå Ål kraftverk KF.

Renteutgifter

Renteutgiftene er oppjustert med 2,5 mill. kr fra opphavleg budsjett 2025. Det er simulert eit låneopptak på 47 mill. kr for 2025 til eigne investeringar minus 15 mill. kr i ubrukne lånemiddel frå tidlegare år. Det vil si at totalt låneopptak for 2025 er venta å bli 32 mill. kr.


Forventa renteutvikling:

Forventa NIBOR-renter

Tabellen nedanfor viser forventa renter framover i tid (implisitte renter), basert på marknadsdata på analysetidspunktet.

Handlings -og økonomiplan for 2026-2029, årsbudsjett 2026
Ål kommune

Indeks	Siste	Forventa om 1 år	Endring	Forventa om 2 år	Endring	Forventa om 3 år	Endring
NIBOR3M	4,19 %	3,77 %	-0,42 %	3,58 %	-0,61 %	3,61 %	-0,58 %
NIBOR6M	4,30 %	3,88 %	-0,42 %				



*Kilde KBN finans

- 2027: 144,7 mill. kr, usikkert beløp


Avdrag på lån

Det er simulert eit låneopptak på 32 millionar kroner i 2025. Lån til investeringar i 2026 får først verknad i budsjettet for 2027, sidan låneopptaket blir gjennomført mot slutten av 2026. Nokre investeringar er utsette til 2026 og seinare år, og dette er teke omsyn til i utrekninga av renter og avdrag på den langsiktige gjelda. Det kjem ei eiga politisk sak om overføring av investeringar frå 2025 til 2026.

Prognose for framtidig gjeldsprofil og gjennomsnittleg rente

Dersom porteføljen inneheld lån som er føresett refinansierte (til dømes sertifikat- eller obligasjonslån), og/eller simulerte framtidige låneopptak, vil også effekten av desse visast.

Handlings -og økonomiplan for 2026-2029, årsbudsjett 2026
Ål kommune



*Kilde KBN finans

Simulerte framtidige lån er basert på planlagte investeringar i økonomiplanen. Låna får effekt på renter og avdrag året etter opptak, da låneopptaket skjer i desember

- 2025: 32,1 mill. kr (investeringar i 2025 47 mill. kr minus 15 mill. kr i unytta lånemiddel)
- 2025: 5 mill. kr i Husbanken, her er det også unytta middel, pluss at det ofte betalast ekstra avdrag frå låntakarane
- 2026: 58,15 mill. kr, inkludert nye investeringar og dei som er skuve ut i tid frå 2025. Historia viser at mykje endrar seg i løpet av året og det er ikkje gjort en grundig utrekning av renter og avdrag for økonomiplanperioden 2027-2029.

Næringsfond og jordbruksfond

Art	Ansvar	Teneste	Prosjekt	Beløp 2026	Kommentar
19501	9011	3291	231	-130 000	Næringsfond – Utmarksoppsyn
19501	9011	3861	396	-271 000	Næringsfond – Landsdelsscene for dans
19501	9011	3253	901	-1 550 000	Næringsfond – Ål utvikling
19501	9011	3252	903	-1 200 000	Næringsfond – Næringstilskot
19501	9011	2852	908	-20 000	Næringsfond – Skarsgard-Bry bru
19501	9011	2852	909	-33 000	Næringsfond – Feten Flævatn
19501	9011	3031	912	-125 000	Næringsfond – kart og oppmåling
19501	9011	3251	917	-981 000	Næringsfond – Næringskontor
19501	9011	3851	918	-280 000	Næringsfond – Arrangementsfond
19501	9011	3603	925	-250 000	Næringsfond – Sykkelsatsing
19501	9011	3603	941	-50 000	Næringsfond – Sykkelsti i fjellet
19501	9011	3603	946	-1 670 000	Næringsfond – Løypekøyring
19501	9011	3253	962	-280 000	Næringsfond – Hallingdal etablerarsenter
19501	9011	3253	976	-625 000	Næringsfond – Hallingdal FOU-hage
19501	9011	3779	986	-100 000	Næringsfond – Leveld Kunstnartun
19501	9011	3801	987	-50 000	Næringsfond – Idrettsanlegg
19501	9011	3802	988	-110 000	Næringsfond – Idrettsaktivitet
19501	9011	3252	903	-300 000	Konsekvensutgreiing fritidsbustader
19501	9011	3252		0	Budeienettverk
Bruk næringsfond				8 025 000	

Art	Ansvar	Teneste	Prosjekt	Beløp 2026	Kommentar
19502	9011	3252	919	-400 000	Tilskot frå jordbruksfondet
19503	9011	3601	920	-16 000	Tilskot frå fiskefondet

Interkommunalt samarbeid og kontigenter

Interkommunalt samarbeid – andre som vertskap	Vertskap	Beløp 2026	Beløp 2025
Felles innkrevjingskontor	Gol	350 000	400 000
Hallingdal Etablerersenter	Gol	306 000	250 000
IKT Hallingdal	Gol	14 212 000	14 426 000
Grunnskuleopplæring vaksne	Gol	900 000	900 000
Kommunehelse-samarbeid	Bærum	20 000	20 000
Miljøretta helsevern/ungdomslos m.m.	Gol	231 000	237 000
NAV	Gol	10 576 823	10 903 000
Barnvernvakt og Krisesenter	Gol	1 249 000	1 258 000
Felleskjøkken Hol og Ål	Hol	1 150 000	2 841 000
			33 163 000
Interkommunalt samarbeid – Ål er vertskap	Vertskap	Beløp 2026	Beløp 2025
Regionrådet *	Ål	279 251	226 987
Hallinghelse	Ål	1 954 637	1 955 000
Barnevern	Ål	11 310 961	11 879 410
Klimakoordinator	Ål	100 000	100 000
Ål sin andel av interkomm. Legevakt	Ål	5 227 000	3 725 000
IMA	Ål	6 500 000	6 000 000
Sikker sone	Ål	941 000	990 000
Vass-forvaltning	Ål	87 400	100 000
		24 894 000	23 346 000
IKS			
Hallingdal Brann- og redningsteneste IKS	ÅL	7 646 000	7 078 000
Hallingdal renovasjon IKS	ÅL	13 821 000	12 921 000
		21 467 000	19 999 000

Kontigenter betalt i 2025

Tekst	Beløp
Utmarkskommunenenes Sammenslutning	66 250
Skiptvet kommune/Lokalsafunnsforening	5 000
Vestland fylkeskommune/Forum for nye bergensbanen	50 000
Landssamanslutninga av nynorskkommunar	19 346
Valgforum	1 500
Norsk turistutvikling AS	15 625
Kleivi vel	0
Hardangerviddatunnelene	25 000
Forum for kontroll og tilsyn	4 000
LVK (betalt av Ål kraftverk KF	258 244
Sum	444 965

Økonomisk utvikling i planperioden

Løns og prisvekst

Den kommunale deflatoren er utrekna til 3,5 prosent for 2026, med ei utrekna lønnsvekst på 4 prosent og prisvekst på 2,8 prosent.

Sektorane er ikkje kompensert for prisvekst, dette er såleis ei innsparing på alle område. Administrasjonen har prioritert å leggje inn målretta tiltak i staden for å gje ein generell auke med deflator.

Det er sett av ein pott til om lag 4 % lønnsvekst i 2026 på grunnlag av lønsoppgjeret for 2025.

Økonomisk utvikling i planperioden

Finansielle måltal

Etter ny kommunelov § 14–2 skal alle kommunar ha finansielle måltal. Formålet med finansielle måltal er å synleggjera kva som skal til for å ha ein sunn økonomi over tid, og nytte dette som ein del av vedtaksgrunnlaget i økonomiplan og i budsjettprosessen. I Ål kommune gjeld følgjande nøkkeltal:

Handlings -og økonomiplan for 2026-2029, årsbudsjett 2026
Ål kommune

Handlingsregel 1: Netto driftsresultat – Netto driftsresultat i prosent av driftsinntektene blir brukt som eit mål på kommunen sin økonomiske handlefridom. Teknisk berekningsutval for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) tilrår at denne indikatoren over tid bør ligge på minst 1,75 %.


Handlingsregel 2: Disposisjonsfond Fylkesmannen anbefaler eit disposisjonsfond på minimum 5 % av brutto driftsinntekter

Handlingsregel 3: Netto lånegjeld Netto lånegjeld definerast i KOSTRA som langsiktig gjeld minus totale utlån og ubrukte lånemidlar. Målsetjinga for netto lånegjeld er at den skal vere mindre enn 75 % av brutto driftsinntekter.

Finansielt måltal økonomiplan	Rekneskap 2024	Budsjett 2026
Handlingsregel 1	17,56 %	1,33 %
Handlingsregel 2	33,56 %	34,14 %
Handlingsregel 3	30,85 %	36,57 %

Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter


Grafen er i %



Tabell	KOSTRA 2021	KOSTRA 2022	KOSTRA 2023	KOSTRA 2024	Budsjett 2025	Økplan 2026	Økplan 2027	Økplan 2028	Økplan 2029
Ål	1,1 %	9,2 %	21,9 %	17,5 %	-0,3 %	1,3 %	0,9 %	0,9 %	-0,1 %
Handlingsregel	1,8 %	1,8 %	1,8 %	1,8 %	1,8 %	1,8 %	1,8 %	1,8 %	1,8 %

Disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter


Grafen er i %



Tabell	KOSTRA 2021	KOSTRA 2022	KOSTRA 2023	KOSTRA 2024	Budsjett 2025	Økplan 2026	Økplan 2027	Økplan 2028	Økplan 2029
Ål	15,4 %	23,6 %	31,2 %	33,7 %	29,1 %	29,7 %	29,3 %	29,1 %	27,8 %
Handlingsregel	8,0 %	8,0 %	8,0 %	8,0 %	8,0 %	8,0 %	8,0 %	8,0 %	8,0 %

Netto finans og avdrag i % av brutto driftsinntekter


Grafen er i %



Tabell	KOSTRA 2021	KOSTRA 2022	KOSTRA 2023	KOSTRA 2024	Budsjett 2025	Økplan 2026	Økplan 2027	Økplan 2028	Økplan 2029
Ål	0,5 %	-10,3 %	-20,6 %	-22,4 %	-8,4 %	-5,1 %	-4,8 %	-4,7 %	-3,5 %

Netto lånegjeld i kroner per innbyggjar

Grafen er i hele kr



Tabell	KOSTRA 2021	KOSTRA 2022	KOSTRA 2023	KOSTRA 2024	Budsjett 2025	Økplan 2026	Økplan 2027	Økplan 2028	Økplan 2029
ÅI	82 155	79 670	41 727	51 434	55 917	52 183	69 165	84 521	81 632

Utvikling i befolkning

Befolkningsutvikling per årsak

	2020	2021	2022	2023	2024
Folketal ved inngangen av kvartalet	4 674	4 648	4 650	4 862	5 007
Fødde	41	35	39	42	32
Døde	50	63	53	42	61
Fødselsoverskot	-9	-28	-14	0	-29
Innvandring	28	63	295	672	203
Utvandring	14	10	21	43	37
Innflytting, innanlands	151	205	215	246	197
Utflytting, innanlands	183	228	257	732	506
Netto innvandring og flytting	-18	30	232	143	-143
Folkevekst	-26	2	212	145	-172
Folketalet ved utgangen av kvartalet	4 648	4 650	4 862	5 007	4 835

Personal og organisasjon

Årsverk

Org.eining	År	Fast	Gjennomsnittleg stillingsprosent	Vikar	Midlertidig	Total
Ål kommune	2 024	474,39	69,86 %	36,87	82,03	593,29
Ål kommune	2 025	501,79	69,81 %	36,03	76,44	614,26
Endring 2025-2024		27,40	-0,05%	-0,84	-5,59	20,97
Sentraladministrasjon	2 024	18,84	90,16 %	1,17	1,66	21,67
Sentraladministrasjon	2 025	21,21	86,60 %	0,00	0,70	21,91
Oppvekst	2 024	176,09	71,70 %	25,17	38,86	240,12
Oppvekst	2 025	184,73	70,82 %	21,35	34,11	240,19
Helse og omsorg	2 024	153,21	68,52 %	9,27	30,91	193,39
Helse og omsorg	2 025	168,44	68,81 %	14,16	30,39	212,99
Kultur	2 024	10,24	57,50 %	0,47	1,19	11,90
Kultur	2 025	11,25	61,35 %	0,00	1,64	12,89
Drift og utvikling	2 024	58,30	64,19 %	0,00	1,52	59,82
Drift og utvikling	2 025	58,33	67,95 %	0,00	1,83	60,16
Vatn, avløp og renovasjon – sjølvkost	2 024	8,70	46,20 %	0,00	0,00	8,70
Vatn, avløp og renovasjon – sjølvkost	2 025	8,38	53,68 %	0,00	0,00	8,38
Interkommunale tenester	2 024	49,01	76,84 %	0,79	7,89	57,69
Interkommunale tenester	2 025	49,45	71,45 %	0,52	7,77	57,74

Kommunen sine tenesteområde

Sentraladministrasjon

Årsverk

Org.eining	År	Fast	Gjennomsnittleg stillingsprosent	Vikar	Midlertidig	Total
Sentraladministrasjon	2 024	18,84	90,16 %	1,17	1,66	21,67
Sentraladministrasjon	2 025	21,21	86,60 %	0,00	0,70	21,91
Endring 2025-2024		2,37	-3,56%	-1,17	-0,96	0,24

Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap 2024	Budsjett 2025	Økonomiplan			
			2026	2027	2028	2029
Driftsutgifter						
Lønn	23 161	26 137	26 309	26 309	26 458	26 458
Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal eigenproduksjon	11 227	9 234	6 778	7 168	6 778	7 178
Kjøp av varer og tenester som erstattar kommunal eigenproduksjon	26 822	31 092	29 891	29 891	29 859	29 859
Overføringsutgifter	2 985	1 937	1 864	1 864	1 864	1 864
Finansutgifter	32	0	0	0	0	0
Sum Driftsutgifter	64 227	68 400	64 842	65 232	64 959	65 359
Driftsinntekter						
Salsinntekter	-474	-171	-281	-281	-281	-281
Refusjonar	-5 601	-3 353	-3 330	-3 330	-3 330	-3 330
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-164	-100	-100	-100	-100	-100
Sum Driftsinntekter	-6 239	-3 624	-3 711	-3 711	-3 711	-3 711
Sum	57 988	64 776	61 131	61 521	61 248	61 648

Beskriving av verksemda i dag

HR/Lønn

HR/lønn har i dag 7 fast tilsette. Avdelinga bistår alle sektorane og med rekruttering, sjukefråværsoppfølging, overordna HMS arbeid og er ansvarleg for kommunen sin personalpolitikk. Ansaret for lønn er og lagt til HR sjefen. Me køyrer lønn for heile kommunen og dessutan for Ål kyrkjelege fellesråd og Hallingdal brann og redning IKS. Personalavdelinga jobbar tett saman med løn og Ål kommune har eit samarbeid med Hemsedal og Gol kommune på desse felte. Juridisk rådgjevar er og plassert under HR/lønn. Denne stillinga arbeider for alle sektorar.

Økonomi

Økonomiavdelinga har 4 fast tilsette og 3,40 årsverk. Avdelinga fører rekneskapen og lagar den naudsynte rapporteringa av årsrekneskapen til revisor og styre/representantskap for Ål kommune, Ål kyrkjelege fellesråd, Ål kraftverk KF, Regionrådet og Hallingdal -brann og redning IKS. Ål kommune lagar budsjett og økonomiplan i programmet Framsikt.

Vi har også innkjøpsfunksjonen for heile kommunen i ein 50 % stilling.

Ål frivilligsentral/Ål ungdomsfrivilligsentral

Frivilligsentralen består av Ål frivilligsentral og Ål ungdomsfrivilligsentral med to 100 % stillingar. Vi jobbar med å skape gode møteplassar, inkludere og engasjere innbyggjarar i kommunen i alle aldrar. Vi driftar HallUng ungdomsklubb og har tre BUA utstyrssentralar. Vi har om lag 100 aktive frivillige som utfører ulike oppdrag og aktivitetar, og vi samarbeider med mange ulike aktørar. Alle aktivitetar vi tilbyr skal vere lågterskeltilbod og vere gratis.

Utfordringar og strategi

HR/lønn

Ei av dei største utfordringane i Ål kommune er høgare turn-over i stillingar enn kva som har vore tilfelle tidlegare. Frå 2023 til 2024 har 12,6 % av kommunen sine tilsette skift jobb. Dette er mindre enn gjennomsnittet for landet som er 12,7 %, så problemstillinga er gjengs for Kommune-Noreg. Dette fører til stort behov for rekruttering. Frå 1.1.2025 til 15.10.2025 har vi lyst ut 158 stillingar. Det er no så å seie alltid søkjarar til stillingane. Gjennomsnittleg tal på søkjarar frå alle publiseringskanalar er 2,13 (1,58 i same periode i 2024).

Det har det siste året vore jobba med å effektivisere og proffisjonalisere rekrutteringsprosessane. Det er framleis få søkarar til stillingar, men fleire enn for eit år sidan. HR har annonsert breit og har fått fleire søkarar. Me ventar framleis høge kostnader med annonsering.

I 2025 har det vorte jobba mykje med arbeidsgjevarpolitikken. Det er mellom anna vedtatt arbeidstidsreglement og arbeidsreglement.

I 2025 har vi 2 nye lærlingar. Dette er ein nedgang frå 2024 og er ei trend i heile Buskerud. Vi må framleis satse på å rekruttere fleire lærlingar då me treng desse for å sikre fagkompetanse og rekruttering. I budsjettforslaget er det lagt til grunn ein like stor andel lærlingar som i 2024.

Det er eit mål å få redusert sjukefråværet. Medan vi i åra før covid-19 hadde eit totalt fråvær på 7,1–7,2 % ligg vi på om lag 8 % pr. 31.9.2025. Det er stor skilnad mellom avdelingane. Det blir jobba tett på avdelingane for å få ned sjukefråværet og sett inn tiltak i samarbeid med bedriftshelsetenesten og NAV for å få ned sjukefråværet. Det er auka fokus på partsarbeidet i avdelingane som eit ledd i nærversarbeidet.

Det har i 2025 vore arbeid med å implementere Visma Flyt Timeplan og Visma Ressursstyring i alle avdelingar i oppvekst og helse. I dette arbeidet har Lønn vore sentral. I 2026 skal me arbeide vidare med implementeringa og sikre me tar i bruk alle delar av systema. Me skal og igangsette Visma Tid som er eit fleksitidsreglement. Dette

vil gjøre det enklare for både dei tilsette og leiarar i administrative stillingar å halde oversikt over pluss- og minustimar.

Økonomiavdelinga

Utfordringa til avdelinga er høgt sjukefråvær og arbeidspress gjennom året. Arbeidspresset er særleg høgt i samband med årsavslutninga, då denne har svært korte fristar. Rekneskapen for Ål kommune skal vere ferdigstilt innan 22. februar året etter, og det er nesten umogleg å bli heilt ferdig, sidan alt er avhengig av mange personar og faktorar både innanfor organisasjonen og utanfor.

Ål frivilligsentral/Ål ungdomsfrivilligsentral

Lokala til Hallung ungdomsklubb på kulturhuset er ikkje godkjent til opphaldsrom og vart stengt denne våren av branntilsynet. Det kostar mykje å setje lokalet i stand. Vi har fått godkjent å leige lokale på Sundrehall denne hausten. Ungdommen har behov for ein møteplass og lokale til ungdomsklubb frå nyttår, og kommunen må finne ei løysing på dette. Vi har dei siste to åra hatt ungdomsarbeider i 30 % ved ungdomsklubben, og ønsker å få dette til ei fast stilling.

BUA utstyrssentral er svært godt besøkt, og har dei to siste åra dobla i utlånstal. I 2023 hadde vi 2500 utlån og i 2024 har vi pr. 25.10. allereie 3087 utlån. Dette skapar stor aktivitet og auka folkehelse. I store delar av året er vi heilt avhengig av å vere to på jobb i opningstida til BUA. Vi hadde i 2023 Bufdirmidlar til å løne ungdommar ved utstyrssentralen og til driftskostnader, men dette har vi ikkje fått midlar til for 2024. Vi har behov for lønsmidlar og driftskostnader til BUA i budsjettet.

Aktivitetar for barn og unge i feriar har vore ein stor suksess. I sumar hadde vi 102 barn på gratis sommarcamp fordelt på to veker. Vi har fått midlar frå Bufdir og stiftelsar, men med så stor oppslutning og mål om at alle skal delta, har vi behov for å ha ein pott til dette i budsjettet.

Handlings -og økonomiplan for 2026-2029, årsbudsjett 2026
Ål kommune

Rammeoversikt

Beløp i 1000

Beskriving tiltak	Tiltakstype	Økonomiplan			
		2026	2027	2028	2029
Opphavleg budsjett		64 166	64 556	64 283	64 283
Sum Vedtak førre periode		-10	-10	-10	390
Konsekvensjusteringer		-10	-10	-10	390
Konsekvensjustert ramme		64 156	64 546	64 273	64 673
Innsparingstiltak					
Endring budsjett barnevern og barnevernsvakt	Innsparingstiltak	-564	-564	-564	-564
IKT-Hallingdal	Innsparingstiltak	-214	-214	-214	-214
Innsparing Frivilligsentralen	Innsparingstiltak	-65	-65	-65	-65
Innsparing økonomiavdelinga	Innsparingstiltak	-250	-250	-250	-250
Politisk – innsparing løn og opplæring	Innsparingstiltak	-300	-300	-300	-300
Redusert bevertning	Innsparingstiltak	-50	-50	-50	-50
Redusert kjøp av tenester	Innsparingstiltak	-240	-240	-240	-240
Redusert opplæring	Innsparingstiltak	-1 100	-1 100	-1 100	-1 100
Regionrådet for Hallingdal	Innsparingstiltak	-200	-200	-200	-200
Rådmannen – innsparing	Innsparingstiltak	-330	-330	-330	-330
Sekretariatet – Innsparing løn og porto	Innsparingstiltak	-330	-330	-330	-330
Sum Innsparingstiltak		-3 643	-3 643	-3 643	-3 643
Nye tiltak					
Lønnsoppgjer 2025 kap. 3	Nye tiltak	96	96	96	96
Andre tiltak	Nye tiltak	90	90	90	90
Sum Nye tiltak		186	186	186	186
Nye tiltak og realendringar		-3 457	-3 457	-3 457	-3 457
Budsjettendringar					
Lønnsoppgjer kap. 4 2025	Budsjettendringar	432	432	432	432
Sum Budsjettendringer		432	432	432	432
Budsjettendringar		432	432	432	432
Ramme 2026-2029		61 131	61 521	61 248	61 648

Innsparingstiltak

Endring budsjett barnevern og barnevernsvakt

Barneverntenesten har levert eit budsjett med reduserte kostnader innafor administrasjon og barnevernstiltak utanfor familien, og ein auke innafor barnevernstiltak i familien. Netto innsparing er kr 564 000,-.

IKT-Hallingdal

IKT-Hallingdal har redusert budsjett for 2026 med kr 214 000,-, hovudsakleg på grunn av rydding i lisensar.

Innsparing Frivilligsentralen

Frivilligsentralen aukar budsjettet med kr 50 000,- i statstilskot og redusera kostnadane med kr 15 000,-.

Innsparing økonomiavdelinga

Økonomiavdelinga har 3,4 årsverk, innsparinga er fordelt utover fleire postar.

Politisk – innsparing løn og opplæring

Alle område er pålagt å spare 5 %, og område politisk har mindreforbruk innafor løn og opplæring.

Redusert opplæring

Det vart lagt inn 1,1 mill. kr til leiarutvikling i 2025, dette var berre meint som eit eittårig tiltak og reduserast derfor i 2026.

Regionrådet for Hallingdal

Regionrådet har levert eit budsjett som er kr 200 000,- lågare enn i 2025 for Ål kommune sin del. For heile Hallingdal er det ein reduksjon på kr 764 000,-, som er finansiert ved bruk av disposisjonsfond. Regionrådet hadde ved utgangen av 2024 eit disposisjonsfond på 1,4 mil. kr.

Rådmannen – innsparing

Rådmannen har spart inn kr 100 000,- på inventar og utstyr og kr 80 000,- på Lisenser og kontigenter.

Budsjettendringar

Lønsoppgjer kap. 4 2025

Lønnsoppgjer kap. 4 2025

Ønska tiltak

Beløp i 1000

			Økonomiplan			
	Prioritet	Endringskode	2026	2027	2028	2029
Aktivitetsmidlar til begge sentralane	2	Nytt tiltak	50	50	50	50
Auka kontingent KS	1	Nytt tiltak	150	150	150	150
Revisjonshonorar 2026	1	Nytt tiltak	58	58	58	58
Sum			258	258	258	258

Beskriving

Aktivitetsmidlar til begge sentralane

Frivilligsentralane tilbyr mange aktivitetar for alle aldersgrupper, – både barn, unge, unge vaksne og vaksne. Alle aktivitetar skal vere gratis, og vi søker stadig om midlar frå ulike stiftelsar ol for å skaffe midlar til aktivitet. Vi får både positiv og negativ respons på søknadene.

Sommarcamp for 100 barn er avhengig av mange aktivitetsleiarar og det er behov for lønsmidlar til desse og midlar til transport og aktivitet. Vi har ingen midlar til grunnfinansiering i dag verken til sommarcamp, aktivitet i haust- eller vinterferien og elles til all anna aktivitet på sentralane.

Auka kontingent KS

Revisjonshonorar 2026

Auke i revisjonshonorar frå Viken kommunerevisjon og kontrollutvalssekretær.

Nye tiltak

Aktivitetsmidlar til begge sentralane

Frivilligsentralane tilbyr mange aktivitetar for alle aldersgrupper, – både barn, unge, unge vaksne og vaksne. Alle aktivitetar skal vere gratis, og vi søker stadig om midlar frå ulike stiftelsar ol for å skaffe midlar til aktivitet. Vi får både positiv og negativ respons på søknadene.

Sommarcamp for 100 barn er avhengig av mange aktivitetsleiarar og det er behov for lønsmidlar til desse og midlar til transport og aktivitet. Vi har ingen midlar til grunnfinansiering i dag verken til sommarcamp, aktivitet i haust- eller vinterferien og elles til all anna aktivitet på sentralane.

Revisjonshonorar 2026

Auke i revisjonshonorar frå Viken kommunerevisjon og kontrollutvalssekretær.

Oppvekst

Innleing

Oppvekstsektoren omfattar totalt 13 avdelingar med ca 270 tilsette i faste stillingar, vikariat og mellombels stillingar, og i ulike stillingsstorleikar. Tenestene omfattar skule, barnehage, kulturskule og leirskule, dessutan busetting og etablering av flyktningar og norskopplæring for vaksne innvandrarar.

Årsverk

Org.eining	År	Fast	Gjennomsnittleg stillingsprosent	Vikar	Midlertidig	Total
Oppvekst	2 024	176,09	71,70%	25,17	38,86	240,12
Oppvekst	2 025	184,73	70,82%	21,35	34,11	240,19
Endring 2025-2024		8,64	-0,89%	-3,82	-4,75	0,07

Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap 2024	Budsjett 2025	Økonomiplan			
			2026	2027	2028	2029
Driftsutgifter						
Lønn	182 325	179 966	168 386	168 386	168 386	168 386
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	19 545	13 249	10 464	10 464	10 464	10 464
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	7 379	1 430	1 430	1 430	1 430	1 430
Overføringsutgifter	2 502	2 330	2 330	2 330	2 330	2 330
Finansutgifter	3 176	0	0	0	0	0
Sum Driftsutgifter	214 927	196 975	182 610	182 610	182 610	182 610
Driftsinntekter						
Salgsinntekter	-11 191	-2 870	-2 870	-2 870	-2 870	-2 870
Refusjoner	-34 117	-10 208	-10 208	-10 208	-10 208	-10 208
Overføringsinntekter	-4	0	0	0	0	0
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-2 097	-500	-0	-0	-0	-0
Sum Driftsinntekter	-47 409	-13 578	-13 078	-13 078	-13 078	-13 078
Sum	167 518	183 397	169 532	169 532	169 532	169 532

Beskriving av verksemda i dag



Illustrasjonsbilde skapt med Copilot 16.09.25

Tenestoområde i oppvekstsektoren:

- Skule; Nedre-Ål skule, Nordbygdene skule, Torpo skule, Ål ungdomsskule. Skattebøl skule har ikkje skuledrift skuleåret 25/26.
- Barnehage; Sunde barnehage, Torpo barnehage, Nordbygdene barnehage, Skattebøl barnehage og Sando barnehage
- Ål Introsenter
- Ål kulturskule
- Hallingdal Leirskule
- Oppvekstkontoret; rådgjevar skule, rådgjevar barnehage, rådgjevar IKT, konsulent lønn/økonomi og kommunalsjef

Nasjonale føringar, demografisk utvikling og forventningar påverkar aktivitet og tenestebehov. Overordna statlege styringssignal omfattar

- Kunnskapsløftet med fagfornyinga 2020
- Barnevernsreformen/oppvekstreformen 2022
- Stortingsmelding 16 (2006-2007) «... og ingen sto igjen. Tidlig innsats for livslang læring»
- Stortingsmelding 6 (2019-2020) «Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO
- Stortingsmelding 15 (2022-2023) «Folkehelsemeldingen» . Kapittel 3.3 «Dei samfunnsskapte vilkåra for god helse – oppvekst og utdanning» .
- Stortingsmelding 28 (2024-2025) «Tro på framtida – uansett bakgrunn»
- Stortingsmelding 34 (2023-2024) «En mer praktisk skole»
- Prop. 36 S (2023-2024) «Barnevernsreformen». Kapittel 3 «Forebygging»
- Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderende praksis (2020-2024), jfr nedbygging Statped.
- Ny opplæringslov frå 01.08.24
- Rammeplan for barnehage, SFO og kulturskule ("Mangfald og fordjuping")
- Lov om integrering gjennom opplæring, utdanning og arbeid (integreringslova)
- Meld. St. 17 (2023-2024) Om integreringspolitikken: "Stille krav og stille opp"

Kommunale føringar omfattar

- Kommuneplan 2015-2027 - tekstdel
- Strategidokumentet Oppvekst 2030 (2025 – 2030)
- Strategidokumentet Betre læring 2022-2025
- Revisjonsrapporten (Tilpasset opplæring og spesialundervisning, Forvaltningsrevisjonen, januar 2022)
- Pedagogisk bruk av IKT i skulene i Ål (2023-2027)
- IKT Handlingsplan i barnehage (2021-2025)

Utfordringar og strategi

Generelt

Pr september -25 driftar sektoren med 15,1 stilling med personell utan godkjent utdanning. Det er auka behov for omfattande tiltak og støtte rundt enkeltbarn/elevlar, og sektoren har behov for meir spesialkompetanse, både i skule og barnehage. Det er redusert barnetal i skulene, og samstundes auka behov for barnehageplassar.

Skule

Innan skule står sektoren overfor fleire utfordringar:

1. **Redusert tal elevlar** (jfr tabell nedanfor)

Elevlar ved den einskilde skule i perioden 2022-26:

Skule	2022/23	2023/24	2024/25	2025/26
Nordbygdene skule	45	52	50	48
Nedre-Ål skule	203	203	214	217
Skattebøl skule	41	32	0	0
Torpo skule	43	44	46	39
Ål ungdomsskule	196	168	170	165
SUM	528	499	480	469

Samstundes er tal skulestartar relativt stabilt framover, med ca 40 pr år, bortsett frå skuleåret 28/29;

Utvikling tal førsteklasingar i Ål kommune:

1. klasse	2026/2027	2027/2028	2028/2029	2029/2030
Nordbygdene skule	5	8	3	6
Nedre Ål skule	23	25	17	17
Skattebøl skule	6	8	6	10
Torpo skule	9	1	5	7
SUM	43	42	31	40

2. Samansette og omfattande utfordringar

Det er fleire barn og unge med samansette og omfattande utfordringar, som krev mindre grupper, 1:1 eller 2:1-bemanning, og samstundes aukande grad av skulefråvær. Sektoren får ikkje tilsett nok kvalifisert personell til desse utfordringane.

Det er igangsett fleire tiltak, m.a. kompetanseheving, samarbeid med hjelpetenestene, miljøterapeutar/arbeidarar ved skulane, og lærarar og assistentar som delvis gjennomfører heimeundervisning for enkeltelevar. Vi opplever at vi ikkje strekk til ift. ressursar og kompetanse på dette området. Sektoren treng ressursar, kompetanseheving og tettare samarbeid med og hjelp frå helsesektoren på dette området. Sektoren nyttar også fleire eksterne firma, hausten -25 ved 2 skular, for å avhjelpe denne situasjonen.

Utvikling grunnskule 2023 og 2024, samanlikna med Hol, Gol, Hemsedal, Nord-Aurdal og kontragruppe 5 (kjelde: Framsikt/Kostratal):

Grunnskole

	Ål 2023	Ål 2024	Hol	Gol	Hemsedal	Nord- Aurdal	Kostragruppe 05
Prioritet							
Netto driftsutgifter til grunnskole (202), per innbygger 6-15 år *) **)	167 433	201 866	184 890	127 651	132 199	135 177	137 559
Netto driftsutgifter til grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), per innbygger 6-15 år *) **)	195 957	236 099	229 793	160 905	173 270	168 414	175 976
Produktivitet							
Driftsutgifter til undervisningsmateriell (202), per elev i grunnskolen *)	3 077	2 690	4 757	3 118	5 211	2 968	2 696
Korrigerte brutto driftsutgifter til skolefritidstilbud (215), per komm. bruker *)	22 448	11 328	29 160	30 304	25 302	26 083	35 639

Handlings -og økonomiplan for 2026-2029, årsbudsjett 2026
Ål kommune

Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskole, skolelokaler og skoleskyss (202, 222, 223), per elev *)	237 527	251 933	264 275	187 535	202 782	186 014	197 421
Dekningsgrad							
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning	14,6 %	15,6 %	11,9 %	8,4 %	14,1 %	9,5 %	9,9 %
Andel elever i grunnskolen som får særskilt norskopplæring	6,7 %	5,3 %	10,9 %	9,2 %	1,3 %	3,0 %	7,4 %
Andel innbyggere 6-9 år i kommunal og privat SFO	56,6 %	70,1 %	81,8 %	60,8 %	88,8 %	40,9 %	64,2 %
Kvalitet							
Andel undervisning gitt av undervisningspersonale med godkjent utdanning	87,9	86,0	88,1	98,7	96,0	90,5	

*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).

**) Tala er justert for ulikt utgiftsbehov

Ål kommune ligg relativt høgt på netto driftsutgifter til grunnskule. Del elevar som får spesialundervisning er høgare enn i kommunar det er naturleg å samanlikne med, og del undervisning gjeve av undervisningspersonale har gått ned frå 2023 til 2024.

Samstundes ligg Ål kommune høgast i Hallingdal og Buskerud på risikopoeng, med 37 av 99 moglege. Risikopoeng er samansett av indikatorane

- nasjonale prøver 5. og 8. trinn, lesing og rekning
- elevundersøkinga 7. og 10. trinn når det gjeld støtte frå lærar og motivasjon
- grunnskole-poeng, altså samla poengsum rekna ut frå alle standpunkt- og eksamenskarakterane på vitnemålet, og som er grunnlaget for opptak til vidaregående skole

basert på resultat over 3 år.

Deltaking i Oppfølgingsordningen i regi av Statsforvalteren i Østfold, Buskerud, Oslo og Akershus er eitt av tiltaka for å analysere og setja inn tiltak i forhold til dette.

Barnehage

Barnehagane i Ål opplever auke i behov for barnehageplassar. Talet på born som blir født går ned, medan talet på born som går i barnehage går opp. Vi har totalt 288 barnehageplassar (190 barn hausten -25) i Ål når alle barnehagane driv på normale nivå og kapasiteten ved Skattebøl barnehage er utvida. Rekruttering til jobb i barnehage er eit problem, og vi slit med å oppfylle bemanningsnormen i barnehagelova.

Også i barnehagane er det fleire barn med ulike diagnoser, og som treng 1:1-oppfølgning. Det er stort behov for spesialpedagogar i barnehagane.

Utvikling i tal barn/plassar i barnehagane i Ål:

Handlings -og økonomiplan for 2026-2029, årsbudsjett 2026
Ål kommune

År	20/21	21/22	22/23	23/24	24/25	25/26 ***
Barn	166	184	184	203	211	190 **
Plassar	223	267	258	288	293*	288

*Utvida kapasitet i alle barnehagar, og ei heil avdeling Skattebøl barnehage.

** Vi har fleire barn søkt inn på nyåret 2026; ikkje med i desse tala.

*** 288 plassar med utvida kapasitet ved Skattebøl barnehage; dvs Skattebøl barnehage som 4 avdelings barnehage.

Frå august -26 er behovet for barnehageplassar rekna til **294 plassar**.

Utvikling driftsutgifter barnehage (kjelde: Framsikt/Kostratal):


Barnehage

	Ål 2023	Ål 2024	Hol	Gol	Hemsedal	Nord-Aurdal	Kostragruppe 05
Prioritet							
Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager *) **)	243 162	270 553	283 096	231 820	305 533	232 604	249 726

*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).

**) Tala er justert for ulikt utgiftsbehov

Handlings -og økonomiplan for 2026-2029, årsbudsjett 2026
Ål kommune



1-5 år med barnehageplass (B)
brutto driftsutgifter f201 per korrigert oppholdstime i kommunale barnehager (kr)

I Ål kommune har 94% av barn i alderen 1-5 år barnehageplass (kjelde: Framsikt/Kostratal):

	Andel barn 1-5 år med barnehageplass (B)	Korrigerte brutto driftsutgifter f201 per korrigert oppholdstime i kommunale barnehager (kr)
Ål	94,1 %	90,3
Hol	96,0 %	95,8
Gol	89,8 %	82,2
Hemsedal	93,3 %	89,1
Nord-Aurdal	93,0 %	76,3
Kostragruppe 05	93,5 %	85,0

Makspris i barnehagepris sone 2 er sett til kr. 700 pr måned.

Ål introcenter

Busetting og inkludering av flyktningar er eit tverrfagleg og sektorovergripande fagfelt. Det er også eit uføreseieleg fagfelt, der busettingstal i kommunen blir vedteke politisk frå år til år.

Tilbodet om opplæring i norsk og samfunnskunnskap til vaksne innvandrere er også blant anna avhengig av busettingtala i Ål kommune og Hol kommune, og varierer frå år til år.

Det er viktig å jobbe for å skape kontinuitet i arbeidet, sørge for vidareføring av kompetanse, ha fokus på utvikling og å legge til rette for ei ramme der det er mogleg å skalere opp og ned etter behov.

Ål kulturskule

